

Saksbehandlar: Jan Heggheim, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/6270-1

Fjord Norge AS - fylkeskommunen sitt styremedlem

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som fylkeskommunen sitt styremedlem i Fjord Norge AS vert oppnemnt:

Assisterande fylkesdirektør Endre Høgalmen

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen er deleigar i Fjord Norge AS, og oppnemner eit medlem til selskapet sitt styre.

Hovudutval for næring og kultur skal no peike ut fylkeskommunen sitt styremedlem. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet peikar sjølve ut sine styremedlemmer, medan medlemmer frå reiselivsnæringa vert valde på generalforsamlinga som er 7.juni.

2. Saksframstilling

Fjord Norge AS marknadsfører Vestlandet i utlandet, og fylkeskommunen stør denne viktige innsatsen med om lag 3 mill kr pr år. Fylkeskommunen er også aksjonær i Fjord Norge, og har eitt styremedlem. Fylkeskommunen samarbeider elles nært med Fjord Norge, og gjennom samarbeid og styredeltaking held vi oss oppdaterte om marknadsarbeid og trendar – og drøftar sentrale problemstillingar. Saman med Fjord Norge og dei andre fylkeskommunane på Vestlandet set vi no i gang eit større prosjekt der vi saman med reiselivsnæringa og andre sentrale aktørar skal forme framtidens reiselivssatsing. Verktøyet blir eit framtidsbilete som syner kva vi ønskjer å få til fram mot år 2030, og kva dei ulike aktørar må gjere for at vi skal kome dit. Berekraft er eit sentralt stikkord i denne samanhengen. Fylkeskommunen samarbeider også med NCE Fjord Tourism, som arbeider med produktutvikling. Og NCE Fjord Tourism er ein del av Fjord Norge.

I mai 2016 oppnemnde Hovudutvalet Endre Høgalmen som fylkeskommunen sitt styremedlem, og han har no hatt dette vervet i to år. Han avløyste Jan Heggheim, som sat i styret frå 2010. Og før det sat Velaug Veum i Fjord Norge sitt styre. Tre av Vestlandsfylka har lete seg representere med folk frå næringsadministrasjonen. Dette skuldast nok det nære faglege samarbeidet mellom fylkeskommunane og Fjord Norge, der styretilknytninga også er av ein fagleg og operativ karakter.

3. Vurderingar og konklusjon

Denne administrative styredeltakinga fungerer etter intensjonen, og fylkesdirektøren legg til grunn at fylkeskommunen framleis let seg representere frå Nærings- og kulturavdelinga.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren legg til grunn at Endre Høgalmen vert oppnemnd som styremedlem i styret i Fjord Norge AS.